

# Øy Nytt

# Kyrkjeblad for Øygarden



Bilete frå leirdagen  
for 1. og 2. klasse  
på Vik bedehus

Meir på midtsidene.

Foto: Herborg Kari Evensen



I dette  
nummeret  
kan du m.a. lesa:

Påske, ved Egil Hjortland  
Konfirmantlister for 2010  
Goaturen  
Glimt frå Kautokeino, ved Trygve Hellesøy

Side 5  
Side 6  
Side 9  
Side 12

## Kyriaké!

I

Ordet er gresk og tyder: **“Det som tilhører Herren”**, og det er eit ord frå Bibelen.

Vi finn det i Openberringa 1,10, der Apostelen Johannes frå fangenskapet sitt på Patmos fortel:

**“På Herrens dag kom Anden over meg, og eg høyrd ei røyst bak meg, sterkt som ein basun...”**

Det er sundagen som kallast Herrens Dag (Kyriake Hemera) her. Johannes hadde jo alt fortalt frå den morgonen Jesus hadde stått opp frå dei døde:  
**“Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken bort frå grava...”(Joh.20,1)**

“Herrens Dag” vart heilt frå den første kyrkja si tid eit uttrykk for ikkje berre ein kristen skikk, men òg ei *kristenplikt*, nemleg å samlast kvar søndag for å tilbe den kristne Gud, Faderen, Sonen og Heilaganden. Som Paulus seier det:

**“Ved Jesus har både de og vi tilgang til Far i éin Ande,(...)høyrer Guds familie til,(...)og i Kristus blir de òg bygde opp til ein bustad for Gud i Anden.”(Frå Ef.2,18-22)**

“Herrens Dag”, eller “Kyriake Hemera” (“den dagen som tilhøyrrer Herren”) på gresk vart slik òg basis for namnet på Guds familie, ja, på *det rommet, det huset der Guds familie* samlast: *Kyriake-Kyrkje. Av dette òg kyrkjelyd! Og for saka si skuld: Forsamling!*

II

Det er sjølv sagt at vi ærer og tek vare på eit hus som er vigsla til teneste for Jesus, så langt dette er mogleg. I den situasjonen prestegjeldet vårt er kome i, når det gjeld soknekyrkja i sør, er det godt at Kyrkja ikkje er bunde til eit hus, men til sin Herre og Frelsar, Jesus Kristus.

Eg vonar i alle høve at vi som vil



tru på og leva med Herren no vil samle oss meir som kristen kyrkje i Øygarden, der **“kyrkjelyden vår samlast”**. Og; **”lat oss ikkje halda oss borte(...), som somme plar gjera(...)”(Hebr.10,25a)**

Kanskje òg nokon kan få sjå at den oppgåva presten har, saman med alle dei mange gode medarbeidarar i kyrkjestab, kyrklelege råd, og det friviljuge kristne arbeidet er å bygge Jesus sin kyrkjelyd, kyrkje, her i Øygarden. Dette er vårt sams kall. Og det einaste som gjev meinung og kraft til å stå i tenesta år ut og år inn. Til denne oppgåva vil eg òg gjerne kalle nye. Vi har ikkje “all verdens” tid. Jesus kjem snart att: **“(...)lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg.”(Hebr.10,25b)**

I Openberringstida og i Fastetida har vi fleire gonger stogga ved Jesu kall til “vanlege” menneske, som fiskarane Peter, Andreas og “Tordensønene” Jakob og Johannes ved Genesaretsjøen. I dag får eg på nytt, som ein liten Kristi tenar, vere Hans røyst til deg: **“Kom, følg Jesus, så skal Han gjera dykk til menneskefiskarar!”(Matt.4,18-22)**

Det var jo på grunn av dette kallet Johannes mange år seinare hamna på Patmos. For Jesus ville òg bygge si Kyrkje. Men han var med Johannes i trengsla. På “Herrens Dag”. Må samstundes alle dagar, slik det var for Johannes, verte vigde til Herren i vår teneste i Kyrkja! Kyriaké.

III: Kyrkja. Frå ”Grunden” av Biskop Bo Giertz(1942.)



sokneprest@kyrkja.net



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingent:	Min. kr 100,- innan kommunen Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonsar:	kr 100,-
Kontonr.	3628.07.02557
Trykk:	Grafisk Trykk, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg.	Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse:	Rong senter, 2. etasje
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	5638 2240
Faks:	5638 2241
Vakttelefon prest:	5638 2244
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Heimesider:	<a href="http://www.kyrkja.net">www.kyrkja.net</a>
Ekspedisjonstid:	måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar:	Kari Sandøy Rong
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

### Kyrkjelydspedagog:

E-post:	Trine Overå Hansen
Telefon:	<a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a> 5638 2247

### Kantor:

E-post:	Anne Lise Grøm
Tlf.	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a> 5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

E-post:	Svenn Martinsen
Tlf.	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a> 5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

E-post:	Bjørg Blom
Tlf.	<a href="mailto:diakon@kyrkja.net">diakon@kyrkja.net</a> 4781 6181

### Kyrkjeverje:

E-post:	Odd N. Thormodsæter
Tlf.	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a> 5638 2243/990 16 616

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen,	911 05 197
Klokkar i Blomvåg:	Ole Vik

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellauag og Raymond Vik	900 30 753/900 75 652
--------------------------	-----------------------

### Blomvåg kyrkje:

Hjelme kyrkje:	5638 7022
	5638 8030

### Råda:

#### Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Olaug Merete Rong

### Øygarden kyrklelege fellesråd:

Leiar: Atle Dåvøy

### Beredskapsordning for Vesthordland prosti

#### Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før **5638 2244**.

# MIN SALME

av Kjellaug Solsvik



Kan den kristne bodskapen uttrykkjast betre enn det Trygve Bjerkheim gjer det i denne songen? Fekk eg berre eit glimt av dette innhaldet, så var det nok til både å leva og døy på. Dette er den gåva me som menneske kan få ta imot. Om trua sviktar eller tvilen kjem snikande, så er det nok, dette som songen skildrar.

-Ei gave av dimensjonar.  
-Ein song til hjarta.

T. James Montgomery 1833  
O. Bentz Skjælen 1919  
M. Tiller Johann M. Müller 1754

Utfordrar Alis Rong  
til neste nummer av ØyNytt.



## Gamalt biletet frå Øygarden



Elevar fødde i 1965:  
Roy Arnesen, Frode Blomvågnes,  
Lise Dale, Nina Kristin Dale,  
Morten Sæle og Anita Ulvøen.

Fotoeigar : Lise Dale



Frist for stoff til  
nr 3/10: 5. mai

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00  
Lørdager 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldt bord og snittar.

**Tlf. 56 38 93 80**



**Åsane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Indrøy Taxi & Transport

**1 - 11 passasjerer  
Rullestol**

**Mobil: 90 59 90 59**

## Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes*

**Tinging av turar på**

**tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.  
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid  
5336 TJELDSTØ  
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )





# Påske - og hva dagene betyr

**Vi skal snart feire påske igjen.**  
**Mange ser frem til fridager på fjellet, hjemme eller andre steder.**  
**Noen ønsker å bruke helligdagene i påskeuken til kirkegang, og få oppleve påskebudskapet gjennom ord, sang, musikk og fellesskap med Gud og medmennesker. Men, hvorfor feirer vi påske? Hva handler de forskjellige helligdagene om? Betyr det noe mer og noe annet enn noen fridager?**

Av Egil Hjortland

Bakgrunnen for ordet *påske* er et hebraisk ord som kan bety forbiganng eller å gå forbi. Det peker tilbake på det som skjedde like før Israelsfolket ble fridd ut av fangenskapet i Egypt. Folket skulle holde *påskemåltid*. De fikk beskjed om å stryke blod fra påskelammet på dørkarmene, og der døsengelen så at det var blod på dørkarmene, gikk den forbi, og de som var i huset fikk leve. Mens der hvor det ikke var blod på dørkarmen måtte den førstefødte av barna i familien bøte med livet. Etter denne hendelsen fikk Israelsfolket sin frihet. Jødene har etter

på veien der han kom. Palmesøndag leder oss inn i den stille uke. Det er en festdag med dobbel klang. Jesus ble hyllet med palmegrener, lovsang og hosiannatrop. Men noen dager senere ropte mange av de samme menneskene: Korsfest ham, korsfest ham.

Vi kan gå videre til **Skjærtorsdag**. Vårt navn på helligdagen kommer fra det gammelnorske ordet ”*skir*” som betyr ren. Askeonsdagen, innledningen til fastetiden, var det tradisjon at folk ble tegnet med et askekors som tegn på at de skulle gjøre bot. Skjærtorsdag ble dette vasket bort, og de som gjorde bot, kunne igjen feire nattverd. Dagen forbinder vi også med at Jesus vasket disiplenes føtter før de skulle ha påskemåltid sammen.


Fremfor alt er skjærtorsdag

## Fakta om Egil Hjortland:

*Prostiprest i Vesthordland fra 2008, med teneste hovudsakeleg i Fjell, Sund og Øygarden.*

*Han kjem frå 13 års presteteneste i Askøy, der han framleis har bustad.*

*Egil Hjortland har i dei fleste yrkesaktive år gjort teneste ved fleire sjømannskyrkjer i utlandet. Medan han var krinssekretær i Kristiansund, gjorde han ferdig teologistudiet og vart vigsla til prest i 1995.*



han korsfestet på Golgata. Der dør han ut på ettermiddagen. Gudstjenesten langfredag er selvsagt preget av dette. Den har sin egen liturgi, alteret er nakent og uten lys. Sentralt i gudstjenesten er lesningen av Jesu lidelseshistorie. Salmene og eventuelt musikken understrekker dagens sær preg.

**Påskedag** er det den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus som møter oss. Fastens fiolette farge må vike plassen for seierens og festens hvite farge. Det tomme alteret dekkes med lys og blomster som sier noe om vår og nytt liv.

De første kristne hilste hverandre med følgende hilsen: Kristus er oppstanden! Ja, sannelig, han er oppstanden! Jeg skal være forsiktig med å si at påskedag er den største og viktigste av påskedagene. Likevel, påskedag er dagen da vi har grunn til å takke og lovprise vår Skaper og Frelser. Jesus er ikke i graven, han er ikke død. Han lever i dag, og møter oss der vi er.



Nattverden av Leonardo da Vinci

dette feiret påskemåltid med påskelam og usyret brød.

Vi feirer påske på grunn av Jesu Kristi død og oppstandelse fra de døde, og det skjedde mens det var påskefest i Jerusalem. Jesus var altså, i likhet med mange andre, i Jerusalem for å feire påske.

**Palmesøndag** kom han ridende på et esel da han gjorde sitt inntog i byen. Når en konge red på et esel, var det et budskap om fred. Mye folk kom han i møte, og det ble lagt palmegrener

måltidets dag med innstiftelse av Herrens nattverd. Jesus gav påskemåltidet en ny betydning og et nytt innhold. Han sa at brødet og vinen var hans kropp og hans blod. Når vi feirer nattverd, blir det Jesus gjorde på korset tilregnet oss. Etter måltidet går Jesus og disiplene til Getsemene hvor Jesus rundt midnatt blir arrestert.

Vi er kommet frem til **Langfredag** som er en sørgedag. I løpet av natten blir Jesus forhört og om morgen blir

Den siste av påskedagene er **2. påskedag**. Oppstandelsens under har skjedd. Jesu disipler og andre som hadde fulgt ham er usikre og redde. Jesus vil i den situasjonen hjelpe sine venner til tro. Dagen får sitt preg ved at Jesus på ulike måter og i forskjellige sammenhenger åpenbarer seg for dem. Han tar det første skritt til å skape tro.

*Jeg ønsker dere alle en god påske og velkommen til gudstjeneste. Der kan dere gjennom bibeltekster og preken, salmer og musikk følge Jesus gjennom påskeuken. Han gikk den tunge veien i kjærighet til oss.*

# Barne- og ungdomssider • Barne- og ungdomssider •

## Leirdag for 1. og 2. klasse



23. januar var det tid for leirdag for 1. og 2. klasse på Vik bedehus. Det ble en dag med et spennende program. Vi begynte dagen med å bli litt bedre kjent med hverandre og Jesus. Deretter var det sporløp, kiosksalg, aktiviteter og aking. Vi var heldig som hadde snø og en fin akebakke rett utenfor bedehuset. Leirdagen ble avsluttet med en kjempekjekk leirkveld. Her var foreldre og søsken også med, og vi koste oss alle sammen!

Av Herborg Kari Bondevik Evensen



Ungdomskoleleir 19.  
Gøy på leir!!



Fredag 19 februar var det duket for ungdomssiden på Skjergardsheimen. Alt kom det 28 sprudlende deltagere og 11 leirledere. Helga gikk tilbake i tiden med mange opplevelser.

## KONFIRMANTANE I ØYGARDEN 2010

På grunn av vedlikehaldsarbeid i Blomvåg kyrkje vert alle konfirmerte i Hjelme.

### Søndag 2. mai, kl.11.00

- 1) Tanja Moen Görbitz
- 2) Jennie Rong Jakobsen
- 3) Marielle Jentoft
- 4) Hanne Line Landro
- 5) Alexander Sæle Landro
- 6) Nathalie Vinje Lihaug
- 7) Benedicte Rong
- 8) Jonas Grundvåg Rong
- 9) Jan Henrik Lyngøy Rong
- 10) Caroline Skråmestø
- 11) Elisabeth Lie Sture
- 12) Jens Kristian Toft
- 13) Maren Vik
- 14) Henriette Sæle Villanger
- 15) Fredrik Foldnes Dåvøy

### Laurdag 8. mai, kl.10.30

- 1) Peter Hellesøy Birkeland
- 2) Jørgen Vik
- 3) Marte Didriksen
- 4) Erlend Ellingsen
- 5) Kristoffer Erstad Flatekvål

- 6) Ole Martin Schulz Haugetun
- 7) Rani Sebastian Tarek Husebø
- 8) Åse Straume Lyslo
- 9) Hilde Torsvik Jacobsen
- 10) Matti Fredrik Korhonen
- 11) Tone Sævik
- 12) Silje Sævik
- 13) Christopher Robin Thorsen

### Laurdag 8. mai, kl.13.00

- 1) Stian Landro
- 2) Steffen Toft Larssen
- 3) Petter Sellevoll Nordtveit
- 4) Andreas Toft Ophaug
- 5) Edvard Olai Rong
- 6) Miriam Thorbjørnsen
- 7) Tina Marie Turøy
- 8) Malin Torsvik Dale
- 9) Emilie Fjeld
- 10) Ivar Halvorsen
- 11) Julie Marlén Børmo
- 12) Jan Reidar Nygaard
- 13) Kjetil André Heimark

### Søndag 9. mai, kl.11.00

- 14) Raymond Breivik
- 15) Tobias Chavarria Nyborg-Christensen

### Søndag 9. mai, kl.11.00

- 1) Kristina Austbø
- 2) Cathrine Ervik
- 3) Silje Helen Fjeldstad
- 4) Mons Harkestad
- 5) Andreas Heimark
- 6) Stheffen Sæle Heimark
- 7) Christoffer Carin Hellesund
- 8) Kamilla Diana Hellesøy
- 9) Karina Terese Turøy Hjelme
- 10) Martin Jonas Hellesund Nakken
- 11) Marius Oliverson
- 12) Tor André Sture Rossnes
- 13) Gina Belinda Wilhelmsen Rytter
- 14) Jostein Svellingen Tjøng
- 15) Kristian Sævdal Tranøy

### Nairobi, søndag 28.mars

Christopher Toft Amenya

# Barne- og ungdomssider • Barne- og ungdomssider -

-21. februar:



var det skoleleir en. Alt i dølende klare fort og ikke



Vi hadde møter, aktiviteter, sporløp, leker, gruble, OL på storskjerm m.m.

Gjennom helga ble vi bedre kjent med hverandre, og bedre kjent med Jesus.

Et bibelvers som gikk i igjen, er Jesus som sier: ” Jeg er veien, sannheten og livet”. Vi takker for en veldig kjekk leir, og håper at alle, og flere til, vil komme på leir neste gang.

Hilsen Teamet: Åshild, Synnøve, Ole Petter og Harald.



## Førebuing til leir!



Før kvar leir er det travle dagar for teamet som skal førebu alle detaljar i opplegget. Oftast skjer denne førebuinga i samarbeid med barne- og ungdomssekreteren i NLM, Herborg Kari Evensen som vi ser til høgre på biletet. I løpet av eit skuleår er det 5 leirar på Skjergardsheimen som skal førebuast. I tillegg kjem konfirmantleiren i Sætervika. Alle desse går inn i planen for trusopplæring i Øygarden prestegjeld.

Det har vore ei glede å ha dette teamet i Øygarden dette skuleåret. Dei har pågangsmot, er kreative og lette å samarbeida med!

Teamet dette skuleåret består frå venstre av Åshild Meling, Ole Petter Stenberg, Harald Rørvik Valderhaug og Synnøve Jøssang.

ONT

## Minibokhandelen anbefaler

**Ny CD i salg!**

Høsten 2009 arrangerte Åpne Dører en konsert som etterpå har blitt til en live innspeiling.

I spissen av det hele står lovsangsleder og musiker Trygve Hellesen. Platen spenner musikalsk fra den stille og rolige tilbedelse til full trøkk og praise. Alle tekster er på engelsk da platen skal distribueres over hele verden. Dette er en plate du vil bli oppmuntret og velsignet av!

Kjøp CD'en i din platebutikk eller på [www.mudistore.no](http://www.mudistore.no)

# Kort nytt frå Kristeleg pressekontor

## Fast sjømannsprest hos Color Line

Sidan 2007 har Sjømannskyrkja stilt til rådvelde ein sjømannsprest som ressurs for ferjereilarlaget Color Line med tanke på dei psykososiale, beredskapsmessige og trivselsmessige forhold for dei tilsette om bord i reiarlaget sine skip. Frå 1. januar i år er dette blitt ei fast ordning. Color Line bidrar med 300 000 kroner i året til dekning av personalutgifter til denne stillinga. Bud & Hilsen skriv at reiarlaget også dekkjer kost og losji om bord og legg til rette for den praktiske gjennomføring av medseglinga. Sjømannsprest Morten Lund har hovudansvaret for prestetenesta om bord i Color Line sine skip. KPK

## - Treng eit nytt kristent ungdomsmagasin


Det kristne ungdomsmagasinet Triggermag blir lagt ned etter to års drift. – No treng kyrkjessamfunn og kristne organisasjoner å stå saman om å lage eit nytt magasin for kristen ungdom, seier Jarle Haugland i Ungdom & Medier. - Det må nødvendigvis ikkje vere eit magasin, det kan godt vere ei nettside, men poenget er at det når ut til mange unge med eit kristent verdsbilete, seier Haugland som til dagleg jobbar med ungdom og deira mediekvardag. Han meiner kristen ungdom har få tilbod som atterspeglar deira verdisyn. KPK

## 72 000 færre i Svenska kyrkan

Svenska kyrkan, som for ti år sidan vart skilt frå staten, mista 72 000 medlemer i 2009. 6,7 millionar er framleis medlemer i Svenska kyrkan, det tilsvarar 72 prosent av befolkninga. Til samanlikning er 80 prosent av befolkninga i Noreg medlem av Den norske kyrkja. KPK

## Søndagsskolen viktigare enn nokon gong!

- Vi har i dag mista nokre arenaer for å gi barna den kristne kulturarv. Difor er søndagsskolen viktigare enn nokon gong. Det seier tidlegare proff og landslagskaptein i fotball, Rune Bratseth til Søndagsskolen sin nettstad.*



- Det eg hugsar best er bibelforteljingane, flanellografen og korta med stjerner. Og så hugsar eg at det var viktig at vi ikkje utsette avgjerda om å bli kristen til vi var gamle! Vi var aktive barn, men eg hugsar søndagsskolen som noko veldig positivt, seier Rune. Då han var fotballproff i

Tyskland, gjekk barna hans på søndagsskole i Bremen, og då familien flytta heim til Trondheim etter utanlandsopphaldet, heldt barna fram med å gå på søndagsskolen i Byåsen kirke. Bratseth seier at vi i dag har mista nokre arenaer for å gi barna den kristne kulturarv.

- Søndagsskolen er ein viktig arena, og ein kulturskatt for barna. Søndagsskolen er derfor viktigare enn nokon gong, seier den tidlegare fotballproffen. KPK

## Rasmus Haugetun sine tankar og visjonar om ei ny kyrkje i Øygarden.

Av Ingrid Haugetun



Rasmus vart innlagt på Haukeland sjukehus 1999. Ei tid etter at han kom heim vart han svært så oppteken av at det måtte byggjast ei ny kyrkje i søre Øygarden. Han såg for seg ei kyrkje som kunne romma heile Øygarden, minst 3000 personar.

Eg trur han nemnde at det måtte vera ei arbeidskyrkje. Han såg for seg at kyrkja skulle byggast sør for Arseta, på austre sida av vegen. Ein måtte sjå kyrkja og høyra kyrkjemlokene over Hjeltefjorden, heilt til Askøy. Kyrkja skulle ha to klokker, den eine skulle kalla: "Kom, kom, kom!". Den andre skulle kalla: "Kom til den hvitmalte kirke!" Det skulle vera ein lang allé av tre fra hovudvegen og mot aust, fram mot kyrkja. Eg kan ikkje hugsa kva, men eg meiner Rasmus til og med sa kva tre som skulle plantast der. Han sa også noko om området nord for kyrkja, her skulle det vera fint beplanta park/gravplass.

Han var svært så ivrig og ville sjølv stå for innsamling til den nye kyrkja. Aashild, dottera, var med han til Foldnes kyrkje fordi han ville så gjerne sjå den kyrkja, men det var ikkje ei slik kyrkje han ønskte. Han såg nok for seg ei kyrkje som meir likna Blomvåg kyrkje. Han var lenge veldig oppteken av desse tankane om ei ny kyrkje.

Det er redaksjonen i ØyNytt som har bede familien om å få trykka desse tankane som Rasmus Haugetun kom med for om lag 10 år sidan.



NAV Øygarden har behov for utleigebustad både til einslege og familiar med / utan barn. Kommunen skal også ta imot flyktningar komande år. NAV Øygarden oppfordrar difor særleg dei som ynskjer å leige ut til flyktningar om å ta kontakt med bustadkonsulent Britt-Åse Reme. tlf. 99216107 / 815 81 000.

Unn deg litt velvære.

Velkommen til

- massasje - hudpleie
- fotpleie - voksing m.m

Salg av  
hudprodukter  
og id-sminke.



Rong Senter, Rong / Tlf. 56 38 95 15

# Øygardsgjeng til Goa i India

**Den 24.02 var dagen. En forventningsfull gjeng øygardinger var klare til å innta Goa. INRI -Rong Bedehus hadde invitert til tur, og over all forventning hadde 24 personer i alle aldre meldt seg på. 7 familier i Øygarden var representert.**

Tekst:Linda Blom. Foto: Martin Blom

Ateisten som vart kristen, Ivar Fjeld, fra Fjell kommune, var nok årsaken til at turen gikk akkurat til Goa. Ivar driver flere arbeid i Goa, som forsamlingen på Rong støtter økonomisk, så det kunne være kjekt å se arbeidet med egne øyne. Hovedarbeidet er blant sigøynerbarn (Banjaras) på strandene rundt Baga og Calangute. Det å lære dem å lese, skrive, regne og lære dem Jesus å kjenne er viktig.

Sigøynerne er uten identitet og er helt uten rettigheter i samfunnet der. De fleste er analfabeter.



Dette er den første eleven til Ivar

Vi fikk være med på et «Celebration Party» i lag med folk fra alle arbeidsfeltene deres. Der dramatiserte de historien om Dronning Esther fra GT, serverte middag, gav gaver til de døpte sigøynerne og gav med roser til de som hadde gjort en spesiell innsats.



Disse er nylig døpte til den kristne tro.

Vi besøkte også hippistranda Arambol hvor jødiske menn kommer for å feire endt militærtjeneste. Der drives et evangeliseringsarbeid blant dem og andre turister. Her blir bibler lagt ut i restauranter og kafeer, og medarbeiderne bruker tid på å samtale med folk. Her blir det også drevet skole for sigøynerbarn i det Messianske huset hos Joyce. Ivar har tett samarbeid med Gideon, som leverer Biblene til arbeidet, på mange av de indiske språkene.



Glimt fra sigøynerleiren

En dag var vi inviterte inn i sigøynerkolonien og fikk se hvordan de levde. Det gjorde sterkt inntrykk på mange av oss. De viste stor gjestfrihet og glede over å få oss øygardinger på besøk.

Ivar og medarbeiderne hans Terry, Nirmala og Arianne var med oss under hele oppholdet. De loset oss rundt overalt og hadde laget ett kjempefritt opplegg. Turen som fra første dag var lagt i Guds hånd, har blitt til stor velsignelse for mange.



Øygardsgjengen på tur

Kyrkjeverja orienterer:

## Vedlikehaldsarbeid i Blomvåg kyrkje



Som dei fleste kjenner til, vart Blomvåg kyrkje i slutten av januar stengd då vi oppdaga store roteskadar i golvet under rehabiliteringsarbeid. Som biletet viser har vi no fjerna heile golvet over blindkjellar. Konsulentfirmaet Asplan Viak arbeider no, i samarbeid med Riksantikvaren, med å finna gode løysingar for å byggja golvet opp att. Kommunestyret får kostnaden med dette prosjektet presentert til møtet i april. Dersom kommunestyret vedtek å setja i gang arbeidet, vonar vi at kyrkja kan opnast att i løpet av juli månad. I denne perioden er det hovudsakeleg Hjelme kyrkje som vert nytta både til gudstenester, konfirmasjonar og gravferder. Sjå elles oversyn over konfirmasjonsdagar på side 6 og gudstenestelista på side 11.

# SparebankenVest

- satser på Vestlandet



*- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!*

Fisk- og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



**Catering:**

- Snitter
- Koldtbord
- Varm Mat
- Baguetter
- Kolttallerken
- Kaker

Tlf.: 56 38 74 54

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**trend frisør**  
RONG SENTER  
Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post: hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD. 900-1800  
FRED. 900-1900  
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**TORSVIK**  
ELEKTRISKE AS

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062  
www.torsteinsvik.no

Mand-fred 10-18  
Torsdag 10-19  
Lør 10-16  
Tlf.: 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 99

**KLEOPATRA**  
Gave & Interiør  
RONG SENTER



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Vaskehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen  
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media\* Vestbok  
Vetrldssallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
www.vestbok.no

Minibokhandel  
på  
kyrkjekontoret

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## DØDE

### Døde:

**Hjelme:**  
Kornelius Sæle,  
Nordre Sæle f. 1917  
Gunhild Kristina Alvheim,  
Bergen f. 1916

### Blomvåg:

Anna Hansine Marie Tellnes,  
Torsvik f. 1923  
Alf Breivik, Breivik f. 1943  
Ingeborg Gudrun Blom,  
Mjølkeråen f. 1926

## TIL LUKKE



### 70 år:

04.mai Else Margrete Heggøy, Heggøy

### 75 år:

31.mars Otto Karl Rossnes, Rossnes  
31.mars Sofie Danielsen, Lauet  
10.april Ingvard Iversen Djupevåg, Rossnes  
20.april Jon Ingolf Skarveland, Toft  
28.april Mons Herbjørn Hellesund, Hellesund  
16.mai Magnhild Djupevåg, Rossnes

### 80 år:

03.april Gerhard Rikard Andersen, Flåten  
11.mai Thorunn Berggreen, Hellesøy

### 85 år:

24.april Maria Dale, Blomvågnes  
27.april Magnhild Dale, Dale  
28.mai John Anfin Haugstad, Knarvik

### 90 år:

23.april Brita Olina Rong, Rong

## DØYPTE

### Døpte

### Hjelme kyrkje:

Ingrid Nakken, Blom  
Noah Skjold, Nautnes  
Emma Bamrungrai Blom, Løten  
Håkon Thorsen, Torsvik

### Takk!

for all vennleg  
omsorg for oss då  
far vår, **Kornelius**  
**Martin Sæle**  
døydde. Likeins  
takk til alle for  
blomehelsingar  
og deltaking ved  
bisetjinga i Hjelme  
kyrkje.

Kåre og Else med  
familiar.

### Hjarteleg takk

for gåver, telefonar  
og sms i anledning  
60års-dagen min.  
Det gledde meg  
stort!

Hjarteleg helsing  
Astrid Flåten.

## GUDSTENESTER

- 28.mars **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi
- 01.april **Blom bedehus kl. 19:00**  
Nattverdsgudsteneste  
v/ E.Hjortland.
- 02.april **Vik bedehus kl. 19:00**  
Pasjonsgudsteneste  
v/ SvennMartinsen
- 04.april **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Festhøgtidsmesse v/ Svenn  
Martinsen. Dåp. Nattverd.  
Gruppe frå Rong brass vert med
- 11.april **Blom bedehus kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Svenn  
Martinsen. Nattverd
- 14. april **Hjelme kyrkje kl 19:00**  
Samtalegudsteneste med konf.
- 18.april **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Egil Hjortland.  
Nattverd. Kyrkjekaffi
- 25.april **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Song av Øygardskoret.  
Dåp. Nattverd . Arsmøte  
middag etter gudstenesta
- 02.mai **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ Svenn Martinsen
- 08.mai **Hjelme kyrkje kl. 10:30**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ Svenn Martinsen.
- 08.mai **Hjelme kyrkje kl. 13:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste v/  
Svenn martinsen
- 09.mai **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ Svenn Martinsen. Song av  
Øygarden gospel
- 13.mai **Vik bedehus kl. 11:00**  
Gudsteneste v/ Svenn Martinsen  
Nattverd
- 16.mai **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
song av Øygardskoret. Dåp og  
Nattverd
- 17.mai **Hjelme kyrkje kl. 12:00**  
Familiegudsteneste v/ Svenn  
Martinsen. Rong brass deltek
- 23.mai **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse. v SM Nattverd. Dåp
- 24.mai **Kystmuseet kl.11:00**  
Friluftsgudsteneste. Song av  
Øygardskoret. Grilling og sosilat  
etter gudstenesta

# Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø



- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø

**Returadresse:**  
**ØYNYTT**  
**Boks 144**  
**5331 RONG**



## Glimt frå Kautokeino

**Etter fire års fråver, er vi attende i Kautokeino. Me var spent på korleis det ville verta – kva har skjedd i mellomtida? Vil folk helsa oss velkomne? Vil me treffa dei gamle venene? Osv. Det var tankar me gjorde oss.**

Tekst: Trygve Hellesøy



Det var reint forunderleg. Alt var som då me reiste for fire år sidan. Det var mest som å koma ”heim”, berre som om me hadde vore borte på ferie. Huset var det same, møblane dei same, til og med kaffekrusa som me let etter oss, var på plass.

Og folket – det var stor gjensynsglede, og hjartelag velkommen att – ”bores boatin, bores, bores”! Sterke handtrykk og mange gode klemmar. Jau, me hadde vore sakna. Me har jo hatt litt kontakt med einskilte heile tida, men, dei trudde ikkje dei skulle få sjå oss att.

**Gudstenesteliv i Noregs største kommune.** Kautokeino er Noregs største kommune i flatemål – om lag 9000 kvadratkilometer. Folketalet er på om lag 3000. Dei fleste bur i bygda som vert kalla ”kirkestedet”. Om lag 200 bur i den nest største bygda Maze. Elles bur dei i mindre bygder rundt omkring på Vidda, dei fleste driv med reindrift. Kautokeino har godt utbygd skuleverk, med grunnskule, vidaregåande skule og samisk høgskule, der dei m.a. utdannar lærarar.

”Kirken står i bondens bevissthet på et høyt sted”, seier Bjørnson. Kyrkja i Kautokeino ligg høgt og fritt i bygda. Mest alle kan sjå kyrkja frå heimen sin. Me ser rett opp til kyrkja frå kjøkenglassen vårt. Akkurat no ligg ho bada i flomlys – eit særskilt vakkert syn. Annankvar søndag er det gudsteneste i kyrkja her. Dei resterande søndagane vert fordelt mellom Maze, Lahppolubbal, Sousjavri og Aidijavri. Alle gudstenestene skal forrettaast på norsk og samisk. Eg har to tolkar i til saman 100 % stilling. Gudstenestene inneholder både skriftemål og nattverd, og det tek som regel 2 timer, og meir somme gongar. Folket er flinke til å gå til gudsteneste,

sjeldan under 100 tilstades. Det er eit flott syn, når alle kjem i sine fargerike kofter og fyller benkene.

**Påska -ei stor høgtid.** Alt som skjer i Kautokeino bygger seg opp mot Påske. Det er den verkeleg STORE høgtida. Då skal alt skje: Konfirmasjon både Maria budskapsdag og Palmesøndag, både her og i Maze. I år har me 49 konfirmantar i Kautokeino og 3 i Maze. Alle skal ha nye kofter, og det er eit styr å få alt til å klappa. Vidare skal mange ha barnedåp, og ein heil del som har vore døypt heime, skal få dåpen sin stadfesta i gudstenesta.



Då kjem dei med fadrane sine – ingen mindre enn 10, dei fleste mellom 12 og 20. I Påska vert innbyggartalet i Kauto dobla. Det er ”festivalveke”, og mange som bur i Oslo, Bergen, Tromsø og andre stadar, kjem ”heim” til påske. Då er det arrangement kvar dag, film, teater og mange forskjellige konkurransar med rein og med scooter. Før i tida, var det også mange vigslar i påska. Det er det ikkje så mykje av no. Folk er meir mobile, og legg gjerne bryllaup til sommaren.

**Reindrift.** Grunnen til all aktiviteten i påska, er at straks over påske dreg dei med ”flokkene” til sommarbeite ute med kysten. Då lyt alle vera med, store og små. Dei som går på skulen får fri – ingen problem – det er ein del av kulturen og opplæringa. Dei er ved kysten med flokken til ut i september. Då bur dei i hytter eller i lavvuar. No vinterstid er flokken på fjellet, dei fleste på ”austfjellet” inn mot finskegrensa, men somme har beiteretten – ”sidaen” – sin like i nærleiken av bygda. Gjettinga går på omgang med ei veke i gongen annankvar veke.

Sist laurdag tok eg imot eit brudefylgle på prestekontoret. Det er tradisjon her. Etter ”frieriet” og brudgommen har fått ”ja”, skal dei innom og møta presten for å avtala bryllaup.

Me har det travelt, men me tenker også på dykk i Øygarden.

*Dei beste helsingar frå Trygve og Ragna i Kauto.*

## Utfordringar på kyrkjegardane denne vinteren!



Med såpass lang kuldeperiode denne etterjulsvinteren har vi hatt fleire utfordringar på kyrkjegardane. Telen og store snømengder har vore hovudutfordringane når det gjeld oppnak av nye graver. Vanleg gravstell har det også vore vanskeleg å utføra.

Vi ber publikum ha tolmod med situasjonen. Vi skal lova å gjera vårt beste for å rydda og leggja til rette for besøk på kyrkjegardane når vi får meir ”normale” tilhøve.

*Det vert sett ut konteinrarar ved kyrkjegardane siste veka før påske, med tanke på rydding av kransar o.l. Vi oppfordrar festarar til å rydda gravene!*